

Årsmelding Folgefonn skyttarlag 2017

Styret har det siste året bestått av Erling Aga (leiar), Bjørg Astri Seljestad (ungdomsleiar), Steinar Nilsen, Jon Kråkevik og Steinar Lund (kasserar). Styret har hatt tre møte gjennom året. Laget har i 2017 hatt 111 betalende medlemmer, fordelt på 11 under 17 år og 100 vaksne. Av dei 100 vaksne er det 12 som berre betalar for medlemskap, og 88 som betalar for både medlemskap og oppskyting.

I løpet av året har det blitt bora etter vatn, slik at det no er stabil vasstilførsel til skyttarhuset. Dette blei dekkja av midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger. Elles har det blitt gjort mindre vedlikehald på huset. Sparebanken Vest har støtta laget med 10 000,- som bidrag til Agastemnet, og 15 000,- til innkjøp av skyteutstyr.

Det har vore trening og oppskyting for jegerar sju dagar i mai, juni og august, fordelt på onsdagar og laurdagar. 85 stk. har delteke på jegerskytinga, og 81 av dei har skote opp.

Agastemnet blei arrangert 13.-16. juli, med 256 deltakarar, som er ny deltakarrekord. Same helga blei det arrangert banestemne hos Odda og Røldal skyttarlag, og samlaget arrangerte Haukelifelten. Vinnar i kl. 3-5 blei Anette Thingbø (Time skyttarlag) med 349 25*, som er ny banerekord. Av våre skyttarar gjorde Trond Kvestad (rekrutt) det best med 3. plass.

Me arrangerte krinsmeisterskap bane 13. juni, med 35 deltakarar. Knut Åkre, Odda skyttarlag, blei krinsmeister kl 3-5 med 344 poeng. Klassevinnarar frå Folgefonn skyttarlag: Ingrid Erdal Haustveit (junior) 334 poeng, Ida Kvestad (eldre rekrutt) 346 poeng, Trond Kvestad (rekrutt) 326 poeng og Sjur Børve (jeger) 244 poeng. På krinsmeisterskap 15m arrangert av Odda skyttarlag hadde me fylgjande klassevinnarar: Ingrid Erdal Haustveit (junior) 335 poeng, Ida Kvestad (eldre rekrutt) 339 poeng, Jarle P Vikane (rekrutt) 315 poeng. Me hadde ingen deltakarar på krinsmeisterskap felt.

Me fekk ingen medaljevinnarar på samlagsstemne i år. Dei beste resultatata hadde Ida Kvestad i eldre rekrutt med 8. plass på bane og 6. plass på 15m. Me bidrog med mannskap på samlagsstemne felt som Ullensvang skyttarlag arrangerte i Kinsarvik 2. april, der me hadde ansvar for finfelten. Få deltakarar frå Folgefonn skyttarlag her, og ingen som utmerka seg med gode resultat.

Lanssskyttarstemnet blei arrangert i Førde. Me hadde tre deltakarar: Herborg S Nå (eldre rekrutt), Ida Kvestad (eldre rekrutt) og Steinar Lund (kl. 3). Herborg og Ida skaut begge 245 på bane. Det er gode resultat, men det haldt ikkje til finale i ein klasse med eit svært høgt nivå.